

DU & EG

Send inn helsingar på e-post: helsingar@osogfusa.no eller kontakt oss på **56 30 29 50**.
Helsing med bilete (både på papir og nett) kr 125,-/utan bilete kr 50,-.

IDYLLISK OPNINGSPLASS: Det er nærest blitt ein tradisjon at Kystsogevekene vert opna på Vedholmen i Øyane.



Kystsogevekene blir nok ein gong opna i Os

Laurdag 4. august har Kystsogevekene offisiell opning i Os.

– Kystsogevekene er eit felleskoordinert tilbod som fremjar kystkultur, fortel dagleg leiar i Kystsogevekene Kjell Magnus Økland.

Opningsarrangementet er lagt til Vedholmen i Øyane. Dette er også den offisielle opninga for heile Kystsogevekene.

– Det har etter kvart vorte tradisjon at vi opnar vekene på Vedholmen, seier Økland.

Bruk mogelegeheita!

Under arrangementet vil det blant anna presentert lokal mat og arrangert ein fiskekonkurranse.

– Me håpar at folk nyttar mogelegeheita og tar turen til Vedholmen så vel som fleire av dei andre stadane vi vitjar, oppmødar den daglege leiaren.

Båtlivet vil stå i fokus i Øya-

ne på laurdagen, og tidspunktet for Fjordsteam-arrangementet i Bergen same helg er dermed ikkje heilt ideell.

– Det er litt uheldig at Fjordsteam, som er verdas største veteranbåtstemne, er lagt til same helg som vi vitjar Vedholmen, men eg trur det kjem bra med folk uansett, seier Økland.

For store og små

Sjølv om det meste føregår på kaien ved Vedholmen, er det verdt å merka seg at også Ved-

holmen galleri held ope.

– Dette er eit arrangement som har noko for einkvar smak og alle aldrar. På den måten får vi fram kor gjennomgåande kystlivet er i det daglegdagse. Om nokon skulle lura på noko meir kan dei gjerne vitja nettsida vår kystsogevekene.no, avsluttar Økland.

►Øyvind Odland

post@osogfusa.no



**7 ÅR
OSKAR SAGSTAD-HJELLE**
Vår kjære Oskar fyller 7 år 1. august. Gratulerer hjertelig med dagen din. Du er en flink og grei gutt som er kjekk å vera i lag med. Kjempeglad i deg! Klem frå bestemor og bestefar. Onkel Geir, tante Aase og fetter Erlend helsar også.



**3 ÅR
OLVER BERGSVÅG**
Ein glad gutt. Full i futt. Skal ha ting i system, heilt på ein prikk. Elskar bilkørar og god musikk. 30. juli blir du tre år. Gratulerer, kjære Olver vår! Verdens beste kos ganger ti!
Fra mamma, pappa og Eirilo di

